

Høyringsuttale/Merknader til Plansak 12602016000600
Detaljplan – Manger, Urhaug bustadområde

1.

Ynskjer å påpeike at ved auka trafikk i Urhaugvegen, er det naudsynt med tiltak for å betre siktilhøva i krysset der vegen frå 46/6 koplast på Urhaugvegen. Slik det er idag, ligg det til rette for mange farlege situasjonar, og med eventuelt auka trafikk, endå fleire farlege situasjonar.

2.

Mangerspollen er i omtalt planframlegget og det vert vist til rapport frå 2004, skrive av fylkesmannen om naturtypar på Radøy.

Følgjande står i rapporten skrive av fylkesmannen i 2004;

"Pollen har vore prega av forureining i ei årrekke, men dette har vorte betre dei siste åra. Terskelen i utløpet mot Mangersvågen vart heva i samband med byggjearbeid, slik at utskiftinga av vatn i pollen er mindre enn før. Dette er mogeleg å rette opp att. Det vert sagt at sjøauren gjekk opp her før i tida. Skogområdet kring pollen er rikt, og til saman utgjør dette eit viktig område for det biologiske mangfaldet."

Er det kommunen som har vore ansvarleg for byggjearbeidet som i si tid heva terskelen inn til Mangerspollen?

Om ein går forbi Mangerspollen idag, ser ein med det blotte auge at vasskvaliteten er dårleg, vatnet er brunt og skittent. Tidlegare har det også lukta frå pollen. Særskild om sommaren. Rapporten frå fylkesmannen påpeikar at sjøauren gjekk opp i pollen før i tida, det tydar på at vasskvaliteten har vore god i Mangerspollen(idag er det ingen teikn til liv i pollen).

Faktorar som talar for at terskelen inn til Mangerspollen bør senkjast;

- Oppretthalde/gjenopprette biologisk mangfald.
- Estetiske hensyn for eksisterande bebuarar rundt pollen og framtidig byggjefelt.
- Estetiske hensyn for turgåarar
- Naustmiljøet i Mangersvågen er kulturminner og i verneklasse A (synd å skam med ein skittent vatn til nabo)

Difor bør dette rettast opp i snarast råd.

Me ber om at kommunen rettar opp igjen terskelen inn til Mangerspollen.

Mvh

Andreas Valdersnes
99532929